



Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE)
v/ Auen Korbøl
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Bergen, 4.10.2011

Tilleggskommentarar til søknad

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) viser til tidlegare høyringsuttale av 3.6.11 om søknaden om å byggja ti småkraftverk i Sørfjorden i Odda kommune og Ullensvang herad.

Underskrivne var på synfaring 14-15-9.11 på to av dei ti småkraftverka, nemleg Bråberg og Skipavik kraftverk, saman med representantar for NVE, utbyggjarar, grunneigarar og Ullensvang herad. Vi har følgjande kommentarar, som kjem i tillegg til høyringsuttalen:

1. **Bråberg.** Dette er det minst konfliktfylte av alle dei ti småkraftverka. Det er 100% grunneigareigd og utbyggjar hara vore nøye med å ta omsyn til naturmangfald og landskap, og sikra tilstrekkeleg minstevassføring. Inntaket er rett under ein stor foss, som er godt synleg frå fjorden, og kraftstasjonen er lagt like over ei bekkeløft der det er grunn til å finna stort artsmangfald. NVH ser ingen grunn til å gå mot dette prosjektet, slik det og går fram av høyringsuttalen.
2. **Skipavikelva.** Her går NVH framleis prinsipielt mot utbygging, men dersom det likevel blir opna for utbygging, stiller vi følgjande krav:
 - Minstevassføringa (= minste slukeevne) må aukast frå 18 l/s til 30 l/s (sml. Diagram 1-3 i konsesjonssøknaden).
 - Dei to bekkeinntaka sør for hovudinntaket blir sløyfa.

Vi grunngjev dette med at den planlagde minstevassføringa på 18 l/s er for låg til å halda oppe eit tilstrekkeleg livsgrunnlag for eventuelle truga plante- og dyreartar som måtte finnast i vassdraget, gjennom året. Vidare, for at dei to bekkeinntaka skal kunna koplast til hovudrøyrigata, må dei kryssa to djupe bekkedalar, noko som ikkje er mogeleg utan eit urimeleg stort naturinngrep høgt oppe i landskapet. Dersom desse to krava ikkje er oppfylte, går NVH framleis mot utbygging av Skipavikelva. Vi er skeptiske til denne fordi det er eit urimeleg stort naturinngrep i forhold til den energien som kjem ut av utbygginga, og til at dette prosjektet berre er 40% grunneigareigd. Blant anna krev utbygginga 1480 meter nedgravd og delvis utsprengt røyrigate med ein mellombels men kjøresterk anleggsveg, som rett nok skal dekkast til med jord etter utbygginga.

Når det gjeld dei andre 8 småkraftverka, held vi oppe vår tidlegare innstilling, og viser til det som står der om det sårbare fjordlandskapet i Sørfjorden. Vi går altså mot utbygginga av Slevåni, Øvre og Nedre Digraneselvi, Skjeldvikelva, Børve/Deildo og Espeelva, men godtek utbygging av Byro og Storelvi.

Med vennleg helsing
for Naturvernforbundet Hordaland

Oddvar Skre
(leiar)